



## RS sak

Dato: 06.06.2014  
Arkivsak: 2014/17239-2  
Saksbehandlar: bjomidt

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Regionalt bompengeselskap – status

#### Bakgrunn

Fylkesutvalet handsama 24.4.2014 sak PS 83/14 «Regionalt bompengeselskap i Hordaland – rapport», og gjorde slikt vedtak

«1. Fylkesutvalet tek førebels rapporten "Regionalt Bompengeselskap i Hordaland" til orientering.

2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapstrukturen. Gjev Samferdselsdepartementet klarsignal til at Hordaland fylkeskommune kan etablere eit regionalt bompengeselskap, ber fylkesutvalet om at fylkesrådmannen startar arbeidet med å etablere eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.

3. Fylkesutvalet ønskjer ein statusrapport i samband med saka i juni.»

#### Oppfølging av vedtaket

Fylkesrådmannen sendte vedtaket ovanfor over til Samferdselsdepartementet i brev den 6.5.2014. I brevet viser fylkesrådmannen til at eit nytt regionalt bompengeselskap ikkje kan etablerast utan gyldige bompenggeavtalar med Vegdirektoratet. Fylkesrådmannen ber derfor om ei tilbakemelding frå Samferdselsdepartementet om bompenggeavtalane for selskapa i Hordaland kan vidareførast i eit regionalt fusjonert bompengeselskap. Per dags dato ligg det ikkje føre svarbrev frå Samferdselsdepartementet.

#### Proposisjon om færre bompengeselskap

I [St.prp.97 «Ein del saker om luftfart, veg og jernbane»](#), frå 14.5.2014, varslar regjeringa ei omorganisering av bompengeselskapa til 2-3 selskap:

«Ein tek sikte på at 2–3 bompengeselskap får ansvaret for bompenggeinnkrevjinga i Noreg. Det overordna målet for dei nye selskapa er å sørge for effektiv bompenggefinansiering av transportinfrastruktur gjennom effektiv bompenggeinnkrevjing og gode finansieringsvilkår. Brukarvennlegheit skal vere sentralt for innretninga på bompenggeinnkrevjinga. Det er ein grunnleggjande føresetnad for utforminga av dei nye selskapa at det ikkje skal finne stad kryssubsidiering mellom dei ulike bompenggeprosjekta. Ei organisering med 2–3 selskap vil innebere at det kan leggjast til rette for benchmarking mellom selskapa. Omorganisering frå dagens mange til ei mindre mengd bompengeselskap vil også innebere at det blir lagt betre til rette for styresmaktene sin kontroll og styring med bompenggeinnkrevjinga er mest mogleg effektiv.

*Eigarskapet til selskapa er noko av det som skal utgreiast nærare og avklarast i det vidare arbeidet fram mot etableringa av selskapa. Regjeringa tek sikte på at dei nye selskapa skal vere etablerte i løpet av 2015.»*

I proposisjonen vert det også varsla endringar i utferdarrolla:

*«Regjeringa går inn for eit organisatorisk skilje mellom operatør og utferdar ved bompengeneinnkrevjing i Noreg. Innretninga på utferdarfunksjonen er ikkje avklart. Regjeringa vil arbeide vidare med sikte på å skilje ut utferdarfunksjonen så snart som mogleg. Arbeidet vil bli vurdert i lys av det vidare arbeidet med å omorganisere bompengesektoren.»*

- og ei rentekompensasjonsordning:

*«For også å spare bilistar for å dekke store løpande finansieringskostnader, vil regjeringa innføre ei rentekompensasjonsordning for bompengelån. Målet er at meir av pengane som blir betalte i bompengar, skal gå til sjølve prosjekta og mindre til å betale for finansiering av lån. Ordninga vil bli brukt til å sette bompengetakstene lågare eller korte ned innkrevjingstida.»*

[Prop S 119. \(2013 – 2014\)](#) frå 6.6.2014 omhandlar overgangsordningar inntil slik rentekompensasjon er etablert.

Stortinget handsama 3. juni sak om utbygging og finansiering av Rv. 13 ved Jobberget i Hordaland gjennom utviding av Vossapakko. På spørsmål frå Magne Rommetveit (A) om når statsråden ser for seg at Vossapakko vert del av eit stort regionalt bompengeselskap svara statsråd Ketil Solvik - Olsen (Frp) slik:

*«Hvor fort Vossapakko blir en del av et selskap, handler også om lokale vedtak. Vi kan ikke tvinge selvstendige rettsobjekter til å bli en del av et større bompengeselskap, men vi vil gjennom rentekompensasjonsordningen gjøre det attraktivt for dem å komme inn i et statlig bompengeselskap.»*

#### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen avventar svarbrev frå Samferdselsdepartementet. Men det ser ut til at statsråden legg opp til å etablere 2- 3 statlege bompengeselskap, som det gjennom rentekompensasjonsordninga skal bli attraktivt for bompengeselskapa å koma inn i. Det er ikkje sagt noko om forholdet til fylkeskommunalt eigarskap. Det har heller ikkje kome signal om lokalisering av selskapa og om kvart selskap skal ha eit avgrensa geografisk verkeområde.